



Vahaugen velforening
c/o Øivind Olsnes
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2192 - 17/10049

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
29.03.2017

Dispensasjon og løyve til endring av vedtak om frådelling av vegareal - gbnr 212/102 Eikanger øvre

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar:

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon og endring av delingsløyve datert 03.10.2016 når det gjeld plassering av snuhammar.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå arealføremålet i reguleringsplanen for Vahaugen.

Det vert elles vist til søknad motteken 01.03.2017.

Historikk

Det vart gjeve løyve til frådelling av vegareala som skal overtakast av Lindås kommune i vedtak datert 03.10.2016. I vedtaket går det fram at deling skal skje i samsvar med reguleringsplanen.

Ved oppmåling av vegareala er det funne avvik på plasseringa av regulert snuhammar i forhold til arealføremålet i reguleringsplanen.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 01.03.2017 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

Planstatus

Det arealet det vert søkt endring for ligg innanfor område avsett til ballbane og reinseanlegg i reguleringsplanen for Vahaugen gbnr 212 Eikanger del av bnr 7 og 102.

Dispensasjon



Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremålet ballbane og reinseanlegg i reguleringsplanen.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt. Administrasjonen vurderer at dette ikkje er ei sak som rårar ved statlege eller nasjonale interesser, og saka er ikkje sendt på høyring eller til klagevurdering.

Nabovarsel

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for nabovarsling. Ein finn at deira interesser ikkje vert råka av arbeidet.

VURDERING:

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett.

For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

I denne saka skal det delast frå eit allereie etablert vegareal med ein etablert snuhammar. Ved oppmåling av snuhammaren er det avvik mellom plassering av snuhammaren slik den er bygd og slik den er regulert. Delar av snuhammaren ligg på areal som i reguleringsplanen er avsett til ballbane og reinseanlegg. Administrasjonen vurderar endringa til å vera eit mindre avvik frå reguleringsplanen.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at snuhammaren, reinseanlegget og ballbana allereie er etablert i området. Snuhammaren har sin funksjon slik den er etablert i dag, og vil ikkje ta areal frå leik, då ballbane er etablert. Årsaken til dispensasjonen er at plasseringa av snuhammaren er flytta under sjølva bygginga av vegen. For innbyggjarane i Vahaugen eller for bruken av veg/snuhammar vil ikkje denne dispensasjonen få verknad. Føremålet med dispensasjonen er at ein får delt frå arealet slik det faktisk er etablert.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon for plasseringa av snuhammaren.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremålet i reguleringsplanen for Vahaugen for frådelling av snuhammar slik den er etablert.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 d vert det gjeve endringsløyve til frådelling av snuhammar slik den er etablert.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/2192.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Steinar Haukås

Mykingvegen 61 5913

EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Vahaugen velforening

c/o Øivind Olsnes 5913

EIKANGERVÅG